

Rammer for gjennomføring av debatt og valtorget politisk skuleval i Vestland fylkeskommune

Debatt og valtorget skal gjennomførast på same dag, sjå køyreplan på

<https://www.vestlandfylke.no/politikk/skulevalet-2025/>

Debatten bør vare i 60-90 minutt, valtorget skjer rett i etterkant og varar i 30-60 minutt. (totalt maks 2 timar, jf. køyreplan)

Rammer for taletid i debatt:

Opningsinnlegg: 90 sekund

Innlegg: 60 sekund

Replikk: 30 sekund. Maks to replikkar

Svarreplikk: 30 sekund (Etter to replikkar) |

Avslutningsinnlegg: 60 sekund

- Ordstyrar bør vere elevar som har delteke på LNU sitt kurs i debattleiing.
- Ordstyrar må vere nøytral, og ikkje delta i debatten.
- Debattane i Vestland har følgjande tre hovudtema;
 - Skulepolitikk
 - Økonomisk politikk
 - Tryggleikspolitikk

Andre tema og spørsmål kan ein stille/diskutere på valtorget.

Retningslinjer for ungdomspolitikarar som deltek i debatt:

- Debatten skal vere faktabasert
- Ha hovudfokus på eigen politikk, ikkje på å kritisere andre
- Ha respekt for og ver høfleg mot meddebattantar
- Unngå usaklege debattar, elevane fortener gode, saklege debattar
- Unngå mobbing, sjikanering og banning.
- Unngå grimasar eller effektar som forstyrrar under eigne eller andre sine innlegg.

Deltakar på debatt og valtorget skal helst vere under 25 år, med ei øvre aldersgrense på 30 år.